



Årsmelding  
for  
Voss Idrottsråd  
(VIR)  
2012



## Styrets si samansetning

STYRET SI SAMANSETNING		
Funksjon	Namn	Lag
Leiar	Heidi Olsen Nedkvitne	Ørnar IL
Nestleiar	Randi Knapstad	Bjørgum IL
Skrivar	Solvår Dolve	Ørnar IL
Kasserar/IT-ansvarleg	Inge Arild Lirhus	Bulken IL
Styremedlem	Reidar Flatebø	Vargar IL
Styremedlem	Lars Wilgohs	Voss IL
Varamedlem	Terje Græe	Voss Motorsportklubb
Varamedlem	Christine Almeland Tveit	Voss Handballklubb
Revisorar:	Terje Eide	Bjørgum IL
	Nils Inge Håland	Voss IL
Valnemd:		

## Styrets arbeid i 2012

### Styremøter

Det er avvikla \_\_ styremøter og \_\_\_\_ saker er handsama.

Dette har skjedd i 2012

### Idrettsting 21.april- Hordaland Idrettskrets

Leiar deltok, og me fekk høyra eit foredrag: "Doping som samfunns- og idrettsproblem" mellom anna med Jan De Lange. Dette foredraget var veldig bra, og minner på at me må setja meir fokus på dette også i vår kommune.

Idrettstinget tok stilling til at dei ville støtte Oslo kommune for å søkja/arbeida for at dei kunne søkja OL 2022.

### Kontakt med Voss Kommune:

Nils Helge Kvamme vart tilsett i stilling som Idretts- og folkehelsekoordinator frå 01.01.2012 og me har no som andre kommune i Hordaland signert ein samarbeidsavtale med Voss Kommune. Me er i gang med regelmessige møter med kommunen og Nils Helge deltek på nokre av våre styremøter. Det er byrja på eit større samarbeide med eit arrangement som Voss Kommune og VIR skal stå i bresjen for. Dette er enno på planstadiet.

Voss Kommune har lagt fram forslag til retningsliner for eit kommunalt kultur og idrettsstipend i slutten av året.

### **Idrettsrådskonferanse:**

Det var dessverre ingen i VIR som hadde høve til å stilla på årets idrettsrådskonferanse som vart halde av Idrettskretsen.

### **Spelemidlane:**

Spelemidlane vart prioriterte etter forslag frå administrasjonen som skal følgja m.a desse prioriteringskriteria: ferdigstilte anlegg og alle søknadar skal deretter vera prioriterte etter når dei er søkt. Voss Kommune fekk 6,8 mill i spelemidlar for 2012.

### **Møte om omstrukturering av vidaregåande skular på Voss:**

Våren/sommaren 2012 vart det avvikla eit møte på Voss Jordbruksskule ang omstrukturering av dei vidaregåande skulane. Leiar Heidi Olsen Nedkvitne, Inge Arild Lirhus og Administrasjonssjef i Hordaland Idrettskrets Knut Songve, samt leiar i Handballkretsen var tilstades saman med Voss Jordbruksskule sine representantar. Tema for møtet var spesifikt gymsal/idrettshall ved Jordbruksskulen. VIR støtta forslaget om å jobba for ein liten idrettshall med handballstørelse. Det er å tenkja idrettshall inn i framtida, når ein ser at behovet for treningshallar no aukar.

### **Reguleringsplan for Idrettsplass og området rundt:**

Det vart skipa eit møte der VIR vart innkalla. Tema var reguleringsendring i området Idrettsplass/eksperthaugen. VIR meiner at det er naudsynt med god dialog og samarbeid med idrettane, slik at alle sine interesser i idretten får plass.

### **Brukarrådet for sentralidrettsanlegget**

Det er no gledelig at brukarrådet for sentralidrettsanlegget er i gang att. Det er avvikla to møter dette året, der Heidi deltok på eine møtet.

### **TILSKOT TIL MIDLAR**

VIR gav uttale til fordeling av kommunale midlar til idrettsanlegg og trenar/leiarutdanning. VIR har oppmoda kommunen om å auke desse summene monaleg.

**VIR sin kontaktperson i Hordaland Idrettskrets** er også i år Svein Erik Burud som kjenner idretten på Voss godt. I tillegg jobber me veldig godt og får god oppfølging av Anne Kristine Aas og Knut Songve.

### **Edvard B Hegbom sin minnepris og utøvarstipend vart i 2010 tildelt:**

- Roar Andersen frå Voss Freestyleklubb som fekk heidersprisen.
- Hanna Løne Selje som fekk utøvarstipendet.

### **Lokale aktivitetsmidlar (LAM)**

Tidlegare har tildelingane vore slik :

2008	2009	2010	2011	2012
513 140	539 255	461 266	451 252	

Tildelinga av midlar vart gjort på bakgrunn av "Kjørereglar for fordeling av aktivitetsmidlar til idrottslaga på Voss" , gjennomgått og godkjend på årsmøte 2012.

VIR oppmodar alle lag om å registrera alle aktivitetar for barn frå 6-18 år slik at dei får for den aktiviteten som er i laget.

### **Vurdering av aktivitet i forhold til mål**

2012 har vore eit roleg år for VIR. På grunn av at økonomien ikkje er så god har me vore forsiktige med å satsa på store arrangement.

Ein ser at det er nødvendig å ha eit idrettsråd som fungerer i store og viktige spørsmål som vert handsama. I ein så stor idrettskommune som Voss er, må idrett få eit endå større fokus når det gjeld politisk oppfølging og ressursar på kommunalt nivå.

Ein merkar no at Voss Kommune har fått på plass ein idretts- og folkehelsekoordinator.

Me fekk i gang prosessen med å oppretta ein samarbeidsavtale og dette er ein viktig plattform for å kunne vidareformidle idretten sine utfordringar og oppgåver. Samarbeidsavtalen er signert og me har så smått byrja å avvikle samarbeidsmøter med kommunen.

Me har ikkje lukkast å betre Edvard Hegbom sitt minnefond og utøvarstipend.

### **Medlemstal:**

Voss Idrottsråd har 42 medlemsorganisasjonar.

Totalt har me omlag 7960 medlemmer.

### **Idretts-zero:**

Programmet som skal jobbe mot mobbing i Voss Kommune (skular og barnehage) har ikkje kome i gang med idretten enno.

## **HANDLINGSPLAN**

### **Saker me må halde fram med å ha eit ekstra fokus på det komande året:**

- Fylje opp viktige saker innanfor idretten.
- Rein idrett – antidoping og samarbeid med Voss kommune om foredrag på Voss Ungdomsskule.

### **Samarbeidsavtalen med Voss Kommune og samarbeid med idretts- og folkehelsekoordinator**

- me må få i gang gode rutinar som er sett opp i samarbeidsavtalen og ikkje minst må me syte for at det gode bindeleddet mellom idrett og kommune som no er på plass vert vedlikehalde. Ikkje minst så vil me jobbe for at me kan ha eit samarbeid om eit arrangement saman med Voss Kommune som kan vera oppdragande/inspirerande/lærande og med tema rundt idrett og folkehelse.

VIR ynskjer meir kontakt med medlemmane, og me vil ha fokus på dette i året som kjem.

**Styret ynskjer å delta på idrettsrådssamlingar** som vert arrangert av kretsen samt Idrettsrådsconferransar. Dette er ein arena der IR kan skaffa seg enno meir kompetanse og få idear til korleis me kan jobba her på Voss med dei sakene/utfordringane me har.

Idrettspolitiske saker – det er viktig at IR får all den informasjon som trengst for å handsama idrettspolitiske saker.

Det er mange saker innafor idretten som vert handsama. VIR ynskjer å vera ein medspelar i slike saker.

### **Betring av VIR sin økonomi:**

Mesteparten av møteaktiviteten utanom IR sine styremøte skjer på dagtid. VIR må jobbe for at ein kan frikjøpa leiar og evt andre som må stille på møter i arbeidstida. Viss det ikkje kjem midlar inn til

IR må konsekvensen v era at ein ikkje kan stille p  m ter p  dagtid, og dermed vert idrett og viktige sp rsm l utanfor n r uttaler skal skje. Ein m  f  til ein dialog fr  kommunen sin side p  korleis me l yser dette.

Voss 12. mars 2013

Heidi Olsen Nedkvitne

Randi Knapstad

Inge Arild Lirhus

Reidar Flateb 

Lars Wilgohs

Terje Gr e

Christine Almeland Tveit

Solv r Dolve